



Vestfold
og Telemark
revisjon

Risikovurdering 2024

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Hjartdal kommune

Innhald

1. Innleiing	4
1.1. Bakgrunn – mandat	4
1.2. Metode – grunnlag for risikovurderinga	4
1.3. Avtale om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	6
2. Gjennomførte revisjonar	6
3. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	9
4. Om Hjartdal kommune	9
4.1. Demografi.....	9
4.2. Kommunens organisering.....	10
4.3. Interkommunalt samarbeid og eigarskap	10
4.4. Økonomi	10
5. Organisasjon, økonomi og tverrgående tema	11
5.1. Internkontroll	11
5.2. Personell – rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefråvær	12
5.3. Budsjettering og rapportering	12
5.4. Beredskap	13
5.5. NAV	14
5.6. Etikk, habilitet og varsling.....	14
5.7. Arkiv og dokumentasjon - openheit og innsyn	15
5.8. Informasjonstryggleik.....	16
5.9. Innkjøp.....	16
5.10. Egedomsfatt	17
6. Kommunalområde Oppvekst og kultur	18
6.1. Barnehage og skule	18
6.1. PPT.....	19
6.2. Barnevern.....	20
6.3. Integrering og vaksenopplæring	21
7. Kommunalområde Helse og omsorg	22
8. Kommunalområdet samfunnsutvikling	24
8.1. Berekraft, klima og miljø.....	24
8.2. Planlegging	25

8.3.	Byggesak.....	26
8.4.	Næringsarbeid	27
8.5.	Eigedomsforvaltning.....	28
8.6.	Vatn og avløp	29
8.7.	Veg	29
9.	Eigarskapskontroll	30
9.1.	Eigarskapskontroll	30
9.2.	Forvaltningsrevisjon i selskap.....	31
	Vedlegg 1: Oversikt over selskap.....	33
	Vedlegg 2: Anna interkommunalt samarbeid – ikkje sjølvstendige rettssubjekt	35

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn – mandat

Kontrollutvalet skal lage planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og skal sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kommunen.¹

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av reglar, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Formålet er læring, forbetring og kontroll. Undersøkingane kan rettast mot kommunen og mot kommunen sine selskap. Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Eigarskapskontroll er ein kontroll av om kommunen utøver sitt eigarskap i selskap i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og aksepterte prinsipp for god eigarstyring. Kontrollen skal utførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, og kan kombinerast med forvaltningsrevisjon i selskap. Sjå meir om eigarskapskontroll i kapittel 10.

Plan for forvaltningsrevisjon skal vise på kva område kommunen planlegg å ha forvaltningsrevisjon. Planen skal dekke både kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.

Plan for eigarskapskontroll skal vise kva for eigarskapskontrollar kommunen planlegg å ha.

Kommunestyret sjølv skal vedta planane, og kan gi kontrollutvalet mynde til å endre og/eller fråvike planane. Vedtatt plan gjeld til ny plan er vedtatt.

Planane skal bygge på vurderingar av kvar det er vesentleg risiko ved verksemda i kommunen og kommunen si eigarstyring, og ved verksemda i kommunen sine selskap. Vestfold og Telemark revisjon IKS (VTR) har fått i oppdrag å utarbeide ei slik vurdering for Hjartdal kommune, jf. kontrollutvalet sine saker 11/23, 12/23 og 4/24.

Risikovurderinga for forvaltningsrevisjon står i kapittel 3 til 8, og risikovurdering for eigarskapskontroll står i kapittel 9.

1.2. Metode – grunnlag for risikovurderinga

Risikovurderinga er av overordna karakter, og det kan vere noko usikkerheit ved informasjonen vi byggjer på. Det kan også skje endringar i risikobildet i løpet av planperioden.

Vi byggjer vi på følgjande kunnskapsgrunnlag og informasjon:

¹ Jf. kommunelova § 23-2, § 23-3 og § 23-4.

- ibuande risiko ved kommunen sine ansvarsområde og eigarskap
- nøkkeltal frå KOSTRA og annan statistikk
- informasjon i årsmelding, budsjett og økonomiplan
- samtalar med kommunedirektør og ordførar
- innspel og synspunkt frå kontrollutvalet 2020-23
- gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar dei siste valperiodane
- gjennomførte og planlagde tilsyn frå statlege mynde

Risikovurderinga er gjort med små ressursar. På dei store tenesteområda må det gjerast ei nærare vurdering av risiko og vinkling i samband med bestillinga.

Innspel til forvaltningsrevisjonar og/eller eigarskapskontrollar

Avtroppande kontrollutval gav i møte 20.09.23 sak 11/23 følgjande innspel til risikovurderinga:

- Kvalitet i skule, kompetanse, trivsel, økonomi, ressursar, arbeidssituasjon/miljø, rektor og leiande stillingar, stabilitet. Brukarundersøking. Bredde av valfag moglegheit
- Pleie og omsorg, bemanning, eldreomsorg ressursar, brukarundersøkingar fastlegeordning
- Datasikkerheit
- GDPR

Sitjande kontrollutval har i møte 13.03.24 sak4/24 gitt følgjande innspel til risikovurderinga:

- Beredskap
- Barnehage, uteområde, areal og lekeutstyr etter forskrifter og standard, barnehagemiljø
- Næringsfond bruk og lik fordeling
- Rus og psykiatri fokus på forebyggende og ungdom

Vi har fått følgjande innspel til forvaltningsrevisjon frå ordførar:

- NAV – sosialteneste, mellom anna samhandling med Flyktingtenesta
- Sårbarheit ved å være ein liten kommune, internkontroll

Vi har fått følgjande innspel til forvaltningsrevisjon frå kommunedirektør:

- Internkontroll økonomi, mellom anna fokus økonomistyring av vertskommunesamarbeid

1.3. Avtale om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kommunen si revisjonsordning er regulert i selskapsavtalen for VTR IKS. Omfanget av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll går fram av oppdragsbrevet og det årlege budsjettbrevet frå VTR.

VTR kan levere anslagsvis ein rapport om forvaltningsrevisjon og ein rapport om eigarskapskontroll til Hjordal kommune, fordelt over fire år, avhengig av tema og innretning på undersøkingane. Dersom kommunen ynskjer det, kan det kjøpast fleire eller meir omfattande forvaltningsrevisjonar eller eigarskapskontrollar enn det som i utgangspunktet er avtalt.

2. Gjennomførte revisjonar

Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar 2013-2023

Hjordal kommune har hatt følgjande forvaltningsrevisjonar o eigarskapskontrollar i perioden 2013-2023:

Tema	Tilrådingar	År
Offentlege innkjøp	<ul style="list-style-type: none"> Vurdere å utarbeide innkjøpsstrategi som fastset kva overordna mål kommunen har for sine innkjøp, til dømes med omsyn til «grøne innkjøp» og etisk handel. Utarbeide rutinar/reglement for innkjøp som fastset og definerer tilsette sitt ansvar og oppgåver i samband med innkjøp. Gjennomføre tiltak for å auke kompetansen til dei tilsette når det gjeld innkjøpsreglane. Gjennomføre tiltak for i sikre at tilsette kjenner til kva rammeavtaler som gjeld til ei kvar tid. Gjennomføre tiltak for å førebygge og avdekke brot på innkjøpsreglane. 	2013
Hjordal Elverk AS med dotterselskap	<ul style="list-style-type: none"> sikre at eigarskapsmeldinga blir evaluert i samsvar med vedtak, treffe tiltak for å sikre at frist for innkalling til generalforsamling blir vedtektsfesta i samsvar med eigarskapsmeldinga, sikre at saker blir avklart og at rapportering om selskapet skjer i samsvar med eigarskapsmeldinga, vurdere om det er behov for å gi føringar for utøving av eigarskap i dotterselskap 	2014
Eigedomskatt	<ul style="list-style-type: none"> sikre at kommunestyret årleg fattar vedtak om kva for reglar som skal nyttast ved utskrivning av eigedomsskatt det kommande skatteåret, 	2015

	<ul style="list-style-type: none"> gjennomgå vedtektene for eigedomsskattetakst for å rette opp uklarheiter, og sikre god opplæring av alle som skal handsame eigedomsskattesaker 	
Arkiv og dokument-handtering	<ul style="list-style-type: none"> sikre at kommunen har ein oppdatert arkivplan med rutinar og oversikt over kva arkivet omfattar, styrke opplæringstiltak slik at tilsette får auka kunnskap om journalføring og arkivdanning, treffe tiltak som sikrar at dokument i større grad blir registrert i saks- og arkivsystemet og treffe tiltak som kan gjere det enklare å finne dokument og saker i arkivet. 	2017
VA-utbygging i Tuddal	<ul style="list-style-type: none"> vurdere om reglane om garanti i ny kommunelov har innverknad på den vidare gjennomføring av utbygginga oppdatere prognosar, og sørge for å innarbeide ein eventuell underdekning på vatn- og avløpsområdet i budsjett og økonomiplanar. 	2018
Helse og omsorg	<ul style="list-style-type: none"> sørge for at det er samsvar mellom tidspunkt for endring av tenestetilbodet og ikraftsetjing og kunngjering av tilpassa lokal forskrift treffe tiltak for å sikre betre kontroll med sakshandsamingstid og førebels svar iverksette rutinar og praksis som sikrar førebels svar når det er nødvendig iverksette tiltak for betre kontroll med kva for informasjon som blir innhenta i saksutgreiinga betrar bruken av IPILOS i saksutgreiinga sikrar at brukarmedverknad blir dokumentert utarbeider rutinar for handtering av ugildskap i saker om tildeling av helse- og omsorgstenester. legg til rette for betre dokumentasjon av vurderingane i tverrfagleg tiltaksteam treff tiltak som sikrar at vedtaka gjer greie for eller viser til faktiske forhold og kva omsyn ein har lagt vekt på i vurderinga 	2021
VA-utbygging i Russmarken	<ul style="list-style-type: none"> Tilrådingar ikkje gitt 	2022

Forenkla etterlevingskontroll 2020-23²

Revisor gjennomfører kvart år ein forenkla etterlevingskontroll med kommunen si økonomiforvaltning.³ Etterlevingskontrollen blir gjort med små ressursar, og gir moderat tryggleik

² Forenkla etterlevingskontroll vart innført ved ny kommunelov, med verknad frå 2020.

³ Jf. kommunelova § 24-9

for funna. Ein forenkla etterlevingskontroll vil kunne avdekke eller avkrefte behov for forvaltningsrevisjon. I Hjartdal kommune har revisor kontrollert følgjande tema:

- Offentlege anskaffingar, 2019
- Sjølvkost, 2020
- Etterberekning av opphaldsbetaling for opphald i institusjon, 2021
- Utbetaling til flyktningar, 2022

3. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Tabellen viser kvar vi, basert på risikovurderinga, meiner det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Opplistinga er kronologisk.

Tema	Vinkling/Kommentar	Kap
Internkontroll	Kan vere overordna og tilpassa risiko ved å vere ein liten kommune, kan inkludere økonomioppfølging av vertskommune-samarbeid	5.1
Etikk, varsling og habilitet	Rutinar og retningsliner knytt til etikk, varsling og habilitet, praktiske tiltak for å sikre ein høg etisk standard.	5.6
Arkiv og dokumentasjon	Kan inkludere openheit og innsyn	5.7
Innkjøp	Kontroll med at innkjøp skjer i tråd med lovkrav. Kartlegging av rutinar og reglement og kommunens praksis	5.9
Barnehage/skule	Fleire vinklingar mogleg. Kan avtalast nærare ved ein eventuell bestilling.	6.1
Integrering og vaksenopplæring	Kapasitet og oppfylging av lovkrav. En eventuell forvaltningsrevisjon kan gjerast mot slutten av perioden.	6.3
Helse og omsorg	Fleire vinklingar mogleg. Kan avtalast nærare ved ein eventuell bestilling	7
Byggesak	Sakshandsaming, klagebehandling	8.3
Generell eigarskapskontroll	Generell eigarskapskontroll med eit selskap, eller eit utval selskap	9.1


4. Om Hjartdal kommune

4.1. Demografi

Det var 1 630 innbyggjarar i Hjartdal kommune 31.12.2023. Det er ein oppgang på 42 personar sidan 31.12.22.

I løpet av 2022 og 2023 er det busett 93 flyktningar i kommunen.

4.2. Kommunens organisering



Figur 1: Organisasjonskart

4.3. Interkommunalt samarbeid og eigarskap

Hjartdal kommune deltek i fleire samarbeid om kommunale oppgåver. Samarbeida er omtala i rapporten der dei naturleg høyrer til. Oversikt over dei interkommunale samarbeidsordningane står i vedlegg.

Hjartdal kommune er også deltakar i selskap/ulike sjølvstendige rettssubjekt. Oversikt over alle eigarskap og vurdering av risiko knytt til eigarskap og selskap står i kapittel 9.

4.4. Økonomi

KOSTRA 2023	Hjartdal kommune	Gruppesnitt (gruppe 5)	Landsgj.snitt*
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,2 %	2,6 %	1 %
Langsiktig, renteeksponert gjeld ⁴ i prosent av brutto driftsinntekter	32 %	29,9 %	50,1 %
Frie inntekter per innbygger	82 813 kr	88 749 kr	68 010 kr
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	17,6 %	18,6 %	13,3 %

Tabell 1: Tall fra Kostra pr 24.04.23

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, ifølgje det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat

⁴ Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (KOSTRA)
Vestfold og Telemark revisjon IKS

viser kor mykje som kommunen kan disponere til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane over tid bør vere på 1,75 % av driftsinntektene. Tabellen viser at Hjartdal kommune ligg under gruppesnittet og landsgjennomsnittet og det tilrådde nivået frå TBU.

Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter seier noko om kor sårbar kommunen si budsjettbalanse er for en auke i renta. Rentekostnaden skal dekkast av driftsinntektene. Som vi ser i tabellen, ligger Hjartdal litt høgare en gruppesnitt men lågare enn landssnitt. Ei auke i renta vil verke mindre inn på budsjettet til Hjartdal enn kommunane vi samanliknar med.

Dei frie inntektene består av skatteinntekter og rammetilskot frå staten. Frie inntekter per innbyggjar seier noko om det økonomiske handlingsrommet til kommunen. Hjartdal kommune har noko lågare økonomisk handlingsrom en gruppesnittet.

Fri eigenkapital drift er det som i kommunerekneskapen heiter disposisjonsfond. Dette er midlar som kommunen kan bruke fritt til å dekke utgifter i både drifts- og investeringsrekneskapen, og er eit uttrykk for kor stor økonomisk buffer kommunen har. Tabellen viser at Hjartdal kommune har noko lågare økonomisk buffer enn kommunane vi samanliknar med, men betre buffer enn landsgjennomsnitt.

Kommunen vurderer at kraftinntektene er ein viktig årsak til at Hjartdal kommune kan yte gode og desentraliserte tenester til sine innbyggjarar. Kraftinntektene er, saman med eigedomsskatten, årsaka til at Hjartdal kommune har eit inntektsnivå på rundt 22 prosent over landsgjennomsnittet.

5. Organisasjon, økonomi og tverrgående tema

5.1. Internkontroll

Kommunen skal ha internkontroll for å sikre at kommunen følgjer lover og forskrifter, jf. kommunelova § 25-1. Det er også krav om internkontroll i nokre særlover, både sektorovergripande og for ulike tenesteområde i kommunen, f.eks. i arbeidsmiljølova, personopplysningslova og helse- og omsorgstenestelova. Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret minst ein gong i året om internkontrollen.

Hjartdal kommune nyttar Compilo som sitt kvalitetssikringssystem, der ein finn rutinar, avvik og henvisning til lovverk. Dette systemet er implementert i organisasjonen med systemansvarleg og superbrukarar. Det rapporterast til AMU og partssamansett utval.

Kommunen har mål og resultatstyring og årsmeldinga synleggjer både måltal og resultat på ulike parametarar.

I 2020 blei overordna prosedyre for internkontroll revidert. Prosedyra beskriv dei overordna krava til internkontroll i organisasjonen, og fordeler ansvaret i organisasjonen.

Kommunestyret har vedtatt delegeringsreglement for kommunen i sak 14/2024.

Kommunedirektør opplever at internkontroll og økonomistyring kan være utfordrande når det gjeld spørsmål om delegasjon, ansvar og fråvær.

Vurdering

Mangelfull internkontroll kan føre til lovbrøt, dårleg kvalitet i saksbehandling og svikt i tenesteutøvinga, og kan utgjera ein risiko i kommunen. Vi har fått innspel frå kommunedirektør om å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon på dette temaet, med fokus på mellom anna økonomistyring av vertskommunesamarbeid. Frå ordførar har vi fått innspel om internkontroll med fokus på risiko å være ein liten kommune.

Vi vurderer at det kan være hensiktsmessig å gjere ein slik forvaltningsrevisjon.

5.2. Personell – rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefråvær

Eit godt arbeidsmiljø er ein viktig faktor for å rekruttere og behalde kompetente medarbeidarar. Viktige oppgåver for kommunen som arbeidsgivar er å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø, naudsynt kompetanse, førebygge og redusere sjukefråvær og redusere ufrivillig deltid. Ifølgje årsmeldinga har kommunen utfordringar med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft på fleire område. Mangel på kvalifisert personell kan gi risiko knytt til kvaliteten i tenesteytinga.

Kommunen har mål om at sjukefråværet skal være lågare enn 7,2 %. I 2023 vart sjukefråværet på 8,1 %, opp 0,5 % frå året før. Årsmeldinga understrekar at samanlikna med kommunesektoren generelt, har Hjartdal eit lågt fråvær.

Kommunen gjennomfører medarbeidarundersøking kvart andre år, neste gong er i 2024.

Hjartdal kommune har hatt vanskar med rekruttering av arbeidskraft, særleg innanfor omsorg. I årsmeldinga står det at kommunen har vore heldige og rekruttert fleire tilsette i faste ledige stillingar.

Vurdering

Det kan generelt vere risiko knytt til arbeidet med å redusere sjukefråvær og med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft. Ut over at det generelt er vanskeleg å rekruttere personell til ulike oppgåver, har vi ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området i Hjartdal.

5.3. Budsjettering og rapportering

Kommunestyret sjølv skal vedta årsbudsjet og økonomiplan for valperioden. Økonomiplanen og årsbudsjetet skal vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, og dei måla og premissane

som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vere realistisk, fullstendig og oversiktleg.

Kommunestyret skal vedta årsrekneskapen og årsmeldinga seinast 30. juni. Minst to gonger gjennom året skal kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter samanlikna med budsjettet.

Kommunen har budsjett og økonomiplan, og rapporterer til kommunestyret tre gonger om året, inkludert årsrekneskap og årsmelding. Ordførar er nøgd med administrasjonens arbeid på dette området.

Vurdering

Vi er ikkje kjende med forhold som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

5.4. Beredskap

Plan- og bygningslova stiller krav til samfunnstryggleik i kommunen si planlegging. Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap har som føremål å redusere risiko for at kriser skjer, og sørge for at kriser som likevel skjer blir handtert best mogleg.

Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane beredskapsplikt, og dei skal planlegge beredskapen basert på ei heilskapleg analyse av risiko- og sårbarheit (ROS-analyse).

Kommunen uttrykk i årsmeldinga at dei har eit stort fokus på beredskapsarbeid. Dei har mål om å oppnå A som score, men i 2023 når dei ein B. Dette kommenterast med at kommunen gjennomfører beredskapsrådsmøter saman med Notodden og Tinn i oddetalsår. I partalsår vil kommunen da ikkje få full score (A).

I 2019 gjennomførte Statsforvaltar tilsyn med kommunen sitt beredskapsarbeid. Hjartdal fekk tre avvik, knytt til manglande kontinuitetsplan, manglande beredskapsplan og manglande opplærings- og kompetanseplan for arbeid innanfor samfunnstryggleik og beredskap.

Utarbeiding av overordna ROS er gjennomført i 2022, og ligg til grunn i revidert beredskapsplan, vedtatt av kommunestyret i sak 13/2023.

Det er planlagt eit nytt tilsyn frå Statsforvaltar i 2024.

Vurdering

Sitjande kontrollutval har foreslått beredskapsarbeid som forvaltningsrevisjon. Vi legg til grunn at det ikkje er føremålstenleg med ein forvaltningsrevisjon av beredskap, då det er planlagt statleg tilsyn i 2024.

5.5. NAV

Formålet med sosialtenestelova er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, under dette at kvar enkelt får høve til å leve og bu sjølvstendig, og framme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Utsette barn og unge og familiane deira skal få eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.

Kommunen skal ha kunnskap om levekåra til innbyggjarane, finne førebyggjande tiltak og tilby tenester som skal bidra til sosial tryggleik og betre levekår for økonomisk vanskelegstilte.

For personar med behov for økonomisk sosialhjelp er det viktig å få ei rask tilbakemelding frå kommunen. Lang saksbehandlingstid/mange klagesaker kan indikere risiko ved saksbehandlinga.

Kommunen skal stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad til personar under 30 år, med mindre tungtvegande grunnar taler mot det. Kunnskap om og omsyn til barn sin situasjon skal vere med i sakshandsaminga.

NAV Notodden og Hjartdal vart etablert i 2022, og er eit vertskommunesamarbeid der Notodden er vertskommune. Avdelingskontor i Sauland er opne ein dag i veka. NAV-kontoret har ansvar for økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og gjeldsrådgiving.

Antall sosialhjelpsmottakarar auka frå 42 i 2022 til 47 i 2023. Det har vore ein enda større auke i talet på barn under 18 i familiar som mottar sosialhjelp (frå 27 til 44). I tillegg har talet på langtidsmottakarar auka frå 7 til 10.

Statsforvalter hadde tilsyn med NAV-kontoret på Notodden i 2023. Tema for tilsynet var kartlegging og vurdering av barns behov. Kontoret fekk avvik på dette punktet, på same måte som dei fleste kommunane i Noreg.

Vurdering

Det er Notodden som er vertskommune for samarbeidet. Det er såleis kontrollutvalet på Notodden som har innsynsrett i denne tenesta. Kommunedirektør har spelt inn forslag om å gjere ein forvaltningsrevisjon av samhandlinga mellom NAV og Flyktingtenesta.

5.6. Etikk, habilitet og varsling

Eit av formåla med kommunelova er å bidra til at kommunane er tillitsskapande. I årsmeldinga skal kommunen gjere greie for planlagde og iverksette tiltak

Kravet til habilitet gjeld for alle tilsette og politikarar. For å sikre at habilitet blir handtert i samsvar med gjeldande krav, bør det gjerast risikovurderingar, og kommunen bør ha rutinar som sikrar at habilitet blir vurdert og at inhabilitet blir handtert.

Arbeidstakarar har rett, og til dels plikt, til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Varslingsordninga skal bidra til at medarbeidarar vågar å seie frå om kritikkverdige forhold, og dermed til å hindre og betre desse. Kommunen som arbeidsgivar skal ha rutinar for mottak og handsaming av varsel.

Hjartdal har gamle etiske retningslinjer, men det er planlagt eit dei skal oppdaterast og fornyast som ein del av folkevaltprogrammet. I følgje årsmeldinga har organisasjonen ein høg etisk standard, og er van med å løyse dilemma. Det er sett av systematisk og planlagd tid for tillitsvalde, verneombod og leiarar, slik at ein har faste arenaer for utvikling av ein organisasjonskultur med høg etisk standard.

Kommunen har varslingsrutinar tilgjengeleg i Compilo.

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon av etikk, habilitet og varsling i Hjartdal tidlegare.

Vurdering

Alle verksemder må arbeide kontinuerleg med å sikre høg etisk standard og eit trygt yringsklima. Sjølv om kommunen har fleire tiltak for å sikre ein høg etisk standard, og rutinar for varsling, kan det vere risiko knytt til praksis og kultur rundt etikk og varsling. Dette bør difor prioriterast for forvaltningsrevisjon frå tid til anna.

Ein slik forvaltningsrevisjon involverer vanlegvis alle tilsette i kommunen, og kan bidra både til styringsinformasjon og til læring og forbetring i heile organisasjonen. Om ynskjeleg kan ein også inkludere politisk nivå.

Habilitet har vorte aktualisert gjennom fleire saker i rikspolitikken siste året. Vi har ikkje grunnlag for å tru at det er særskilt risiko knytt til inhabilitet i Hjartdal, bortsett frå at det er ein liten kommune der det kan vere tette band. Vi nemner tema her, fordi det kan vere effektivt og naturleg å ta med habilitet i ein forvaltningsrevisjon om etikk og varsling.

5.7. Arkiv og dokumentasjon - openheit og innsyn

Kommunen sin dokumentasjon har betydning for demokratisk aktivitet, rettstryggleik, forskning og kulturell verksemd. Ein velfungerande postjournal og arkivordning er grunnleggande føresetnader for kor open kommunen er og kor godt det ligg til rette for demokratisk medverknad.

Pressens offentlighetsutvalg og Kommunal Rapport samanliknar kommunane og set opp resultatane i eit barometer. Dei har tre innfallsvinklar: postlistesjekk, spørsmål til kommunane og test av korleis kommunen handsamar innsynskrav. Maksimal poengsum er 26, mens minste poengsum er -15 (det er mogleg å få minuspoeng). Lågaste poengsum ein kommune fekk i 2023 var 0 poeng. Hjartdal kommune fekk 14,5 poeng. Beste kommune i Vestfold og Telemark hadde 24 poeng, mens dårlegaste hadde 3 poeng. Det har ikkje vore gjennomført tilsyn frå arkiverket.

Vurdering

Det var forvaltningsrevisjon av arkiv og journal i 2017. Det kan vere risiko knytt til praksis, og ein forvaltningsrevisjon kan bidra til læring i heile organisasjonen.

5.8. Informasjonstryggleik

Informasjonstryggleik omfattar alle tiltak som skal sikre kommunen si handsaming av informasjon. Det er vanleg å seie at informasjonstryggleik handlar om å sikre konfidensialitet, integritet og at informasjon er tilgjengeleg ved behov.

Ei uønskt hending mot eit eller fleire av systema for kommunen kan få store konsekvensar. Dei siste åra har det vore små og større angrep mot kommunar og andre offentlege verksemder.

Kommunen behandlar personopplysningar om innbyggjarar, tilsette og politikarar, og pliktar å ha eigna tiltak for å sikre ei forsvarleg behandling av personopplysningane.

Personopplysningane skal vernast mot urettmessig innsyn og endringar, men skal vere tilgjengelege for dei som treng opplysningane, når dei treng dei.

Manglande etterleving av personvernreglane kan ramme innbyggjarane i kommunen og tilsette, og kan medføre straffegebyr og tap av omdømme for kommunen.

Hjartdal kommune er med i vertskommunesamarbeidet K-IKT, der Notodden er vertskommune. Både ordførar og kommunedirektør er nøgde med samarbeidet og opplever at dei har trygge system.

Vurdering

Det er generelt aukande risiko knytt til informasjonstryggleik, og informasjonstryggleik og personvern må ivaretakast i alle deler av kommunen. Det vil såleis alltid vere ein viss risiko for svikt. Organisering av IT-verksemda i større einingar kan bidra til å sikre kompetansen og redusere risikoen. Det er Notodden som er vertskommune for samarbeidet, og det er såleis kontrollutvalet i Notodden som har innsynsrett i denne tenesta. Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

5.9. Innkjøp

Reglane om offentlege innkjøp skal bidra til effektiv bruk av ressursane, og at det offentlege opptre med integritet, slik at ålmenta har tillit til at offentlege anskaffingar skjer på ein samfunnstenleg og berekraftig måte. Kommunen skal ha tiltak for å motvirke sosial dumping,

ivareta miljøomsyn og motvirke brot på menneskerettane. Frå 1.1.2024 blir kravet om å ta miljøomsyn skjerpa.

Anskaffingar over ein viss verdi skal kunngjerast og gjennomførast i samsvar med regulerte prosessar, og KOFA kan vedta gebyr for ulovlege direktekjøp. Reglane er komplekse og strenge, men gir likevel kommunen stort handlingsrom til å legge til rette for at lokale verksemdar kan delta i konkurransen om oppdrag.

Hjartdal kommune deltek i Kongsbergregionen og i Viken Vest innkjøpssamarbeid. Eit av formåla med innkjøpssamarbeidet er å inngå felles rammeavtalar.

I Hjartdal blei det gjennomført forenkla etterlevingskontroll på temaet i 2019.

Vurdering

Det kan vere risiko for at kommunen ikkje har gode nok tiltak og praksis for å gjere innkjøp og følgje opp kontraktar i samsvar med gjeldande krav og føringar. Kommunen deltar i eit innkjøpssamarbeid som bidrar til å redusere risikoen. Vi er ikkje kjent med at det særskilt risiko på området.

5.10. Eigedomsskatt

Det er kommunestyret som avgjer om kommunen skal innføre eigedomsskatt. Kommunar som har innført eigedomsskatt kan velje å bruke Skatteetatens berekna marknadsvardi for bustadeigedommar, eller sin eigen utrekningsmetode, som grunnlag for berekning av eigedomsskatt. Frå 2021 er skattesatsen for bustader og fritidsbustader redusert.

Kommunen har hatt eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader sidan 2014. Skattesatsen for desse eigedomane er nå 4,0 promille. Dei samla eigedomsskatteinntektene er i 2024 berekna til å bli ca. 21,3 millionar kroner.

I følgje kommunens økonomiplan blei det i 2023 føretatt retaksering av alle eigedommane i kommunen og det blir nye eigedomsskattetakstar gjeldande for 2024. Kommunen har nytta ekstern hjelp i arbeidet med retaksering.

Vurdering

Det kan vere risiko knytt til taksering og utskriving av eigedomsskatt. Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

6. Kommunalområde Oppvekst og kultur

Kommunalområde Oppvekst og kultur har ansvar for barnehage, skule, flykntingstjeneste, kulturskule, folkebibliotek, ungdomsklubb, Ung Arena, PPT og barnevern.

6.1. Barnehage og skule

På barnehageområdet skal kommunen mellom anna drifte eigne barnehagar, samordne opptak, godkjenne og føre tilsyn både etter barnehagelova og etter forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

Kommunen skal sjå til at grunnskuleopplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte elev. Det skal også vere tilbod om skulefritidsordning.

Det er krav til bemanning i barnehagar og skular, både når det gjeld kompetanse og tettleik.

For å sikre eit trygt og godt psykososialt barnehage- og skulemiljø har barnehagar og skular ei undersøkings- og aktivitetsplikt, og skal vere merksame på om barn kan ha rett på spesialpedagogisk hjelp eller et individuelt tilrettelagt tilbod.

Hjartdal kommune har ei barnehageeining med tre avdelingar, Tuddal, Hjartdal og Sauland. Alle er kommunalt eigd.

Det er tre skular i kommunen: Sauland skule, Hjartdal Montessori skule og Tuddal Montessoriskule. De to siste er privat eigd, og det er statsforvaltar som fører tilsyn med desse.

Talet på barn som går i barnehage har auka frå 67 til 70 barn frå 2022 til 2023. I grunnbemanninga er det gifleire vaksne i høve til barn enn i kommunar vi samanliknar med. Alle barnehagane oppfyller pedagognormen.

Hjartdal kommune oppfyller lærarnormen på den kommunale skulen (Sauland skule).

I årsmeldinga står det at skule og barnehage har løyst sitt oppdrag innafor den økonomiske ramma.

Kvart år skal kommunen legge fram ein rapport om tilstanden i grunnskulen når det gjeld læringsmiljø, resultat og fråfall. Rapporten dekkjer den offentlege skulen, og skal drøftast av kommunestyret. Kommunestyret handsama tilstandsrapport/kvalitetsmelding for skuleåret 22/23 i sak 43/2023. I tilstandsrapporten står det mellom anna at det er ein tendens til at færre blir mobba, men at fleire opplever digital mobbing.

Kommunestyret har 13.03.24 vedtatt Overordna plan for oppvekst i Hjartdal kommune 2024-2034 og Førebyggande plan for barn og unge i Hjartdal 2024-2034.

Vurdering

Sitjande kontrollutval har foreslått å gjere forvaltningsrevisjon av barnehage med fokus på uteområde, areal og leikeutstyr etter forskrifter og standard og barnehagemiljø. Førre kontrollutval foreslo «Kvalitet i skule, kompetanse, trivsel, økonomi, ressursar, arbeidssituasjon/miljø, rektor og leiande stillingar, stabilitet. Brukarundersøking. Bredde av valfag moglegheit».

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon av barnehage og skule i Hjartdal sidan 2010. Det kan derfor vere nyttig med ein slik forvaltningsrevisjon. Risiko og vinkling bør vurderast nærare i samband med eventuell bestilling.

6.1. PPT

Kvar kommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste, eventuelt i samarbeid med andre kommunar. PPT skal hjelpe barnehagar og skular i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for barn/elevar med særlege behov.

I ny opplæringslov, som trer i kraft 1. august 2024, blir gjort tydeleg kravet om at PPT skal hjelpe til i det førebyggjande arbeidet og med tidleg innsats. Det er sett i gang eit prosjekt for å heve kompetansen innanfor spesialpedagogikk og inkluderande praksis i barnehagar, skular og PPT (kompetanseløftet). Eit av måla er at alle barn og unge opplever eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule.

Hjartdal har inngått eit vertskommunesamarbeid med Notodden kommune, der Notodden er vertskommune for Notodden og Hjartdal PPT. Det er ein prosess for å innlemme Tinn i samarbeidet.

I 2021 og 2022 hadde kommunen ein høg del elevar i grunnskulen med vedtak om spesialpedagogisk undervisning, sjå tabell 2. I 2023 var andelen lågare.

Tabell 2 Elevar i grunnskulen som får spesialpedagogisk undervisning, perioden 2021-2023 (i prosent)

	2021	2022	2023
Hjartdal	10,8	10,7	6,5
Landet utan Oslo	7,9	7,9	8,1
KOSTRA-gruppe 5	9,5	9,5	9,7

Kjelde: KOSTRA

Statsforvalter har ikkje gjort tilsyn med PPT dei siste åra.

Vurdering

Det er Notodden som er vertskommune for samarbeidet, og ein eventuell forvaltningsrevisjon bør utførast i samarbeid mellom dei kommunane som deltar i samarbeidet. Det er kontrollutvalet på Notodden som kan vedta ein eventuell forvaltningsrevisjon av PPT.

Organisasjonsendringa som følgjer av at Tinn eventuelt blir med i samarbeidet kan medføre ein risiko knytt til drift og samordning av tenestene. Det er elles generell risiko for at barn og elevar ikkje får den hjelpa dei skal ha, og at PPT ikkje arbeider nok systemretta mot skulen, jf. ny opplæringslov.

6.2. Barnevern

Hovudoppgåva til barneverntenesta er å sikre at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, og at dei som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Barneverntenesta skal vareta ei sårbar gruppe. Det er derfor særleg viktig at barneverntenesta har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet. Krava til kompetanse er styrkte i ny barnevernslov.

Barneverntenesta skal samarbeide med andre relevante tenester, og det tilrådd at det blir inngått samarbeidsavtalar, m.a. med NAV og med psykisk helsevern for barn og unge i helseføretaka.

Hjartdal kommune er deltakar i eit vertskommunesamarbeid med Notodden kommune om barneverntenesta. Frå 01.01.24 inngår også Tinn i samarbeidet. Notodden er vertskommune.

Andelen barn og unge som har fått hjelp av barnevernet i Noreg har gått ned frå 2022 til 2023, også i Hjartdal. Samstundes har Hjartdal ein høgare andel bekymringsmeldingar, undersøkingar og barnevernstiltak enn landsgjennomsnitt. Av dei 16 undersøkingane som blei gjennomført i 2023 blei 2 lagt bort.

Tilstandsrapport 2023 for tenesta er lagt fram for kommunestyret. Ifølgje rapporten var det 18 meldingar til barnevernet i Hjartdal. Det er ei auke frå året før då det var 14 meldingar.

Vi er ikkje kjent med at Statsforvalter har gjennomført tilsyn av barneverntenesta.

Vurdering

Det er Notodden som er vertskommune for samarbeidet, og ein eventuell forvaltningsrevisjon bør utførast i samarbeid mellom dei kommunane som deltar i samarbeidet. Det er kontrollutvalet på Notodden som kan vedta ein eventuell forvaltningsrevisjon av barneverntenesta. Vi har ikkje informasjon som indikerer særskilt risiko knytt til barneverntenesta. Det var forvaltningsrevisjon av internkontroll i barneverntenesta i 2022.

6.3. Integrering og vaksenopplæring

Kommunen har ansvar for å tilby opplæring i norsk og samfunnsfag både til innvandrere og asylsøkjere i mottak, og dessutan introduksjonsprogram for innvandrere 18 – 55 år med opphaldsløyve og som er busett i kommunen etter avtale med integreringsstyresmaktene. Dette er regulert i integreringslova. Formålet med lova er at innvandrere tidleg blir integrerte i det norske samfunnet og blir økonomisk sjølvstendige.

Talet på flyktningar har auka dei siste åra og presset på tenestene i kommunane er forventa å vere høgt. Auken er ei følgje av krigen i Ukraina. I årsmeldinga bli busetting av flyktningar trekt fram som ein av fleire grunnar til økonomisk meirforbruk.

Kommunestyret avgjer kor mange flyktningar kvar enkelt kommune skal busette. Kommunen tok imot 55 flyktningar i 2023. IMDI har bede kommunen om å busette 55 flyktningar i 2024. Kommunestyret har vedtatt å busette 30 flyktningar, jf. sak 2/24.

I årsmeldinga står det at kommunen har gjort ein jobb med å bygge opp Flyktningtenesta både i forhold til bemanning og kompetanse, etter fleire år med lavt mottak av flyktningar. Vaksenopplæringa har også blitt bygd opp igjen og hadde oppstart i 2022.


I 2023 hadde kommunen, i følgje årsmeldinga, rekordhøg deltaking i grunnleggande norskopplæring med 36 elevar.

Vurdering

Det kan generelt vere risiko for at ein ikkje får ivaretatt krava til introduksjonsprogrammet, særleg i ei relativt nyetablert teneste.

7. Kommunalområde Helse og omsorg

Kommunalområdet Helse og omsorg forvaltar kommunens helsetenester, heimetenester og omsorgstenester.



Kommunen skal ha nødvendige helse- og omsorgstenester til personar som oppheld seg i kommunen. Tenestene skal vere forsvarlege, det skal vere dokumentert internkontroll, og drifta skal organiserast slik at helsepersonell er i stand til å utføre forsvarlege tenester. Manglande kompetanse og omfattande vikarbruk kan ha betydning både for økonomien og kvaliteten i tilbodet.

Helse og omsorgstenestene spenner frå fødsel til død, frå planlegging, samarbeid og førebygging til utføring av komplekse tenesteoppgåver. Det er såleis mange ulike teneste- og risikoområde:

- fastlege, legevakt og akuttberedskap
- helsestasjons- og skulehelseteneste for barn og ungdom mellom 0 og 20 år, gravide og barsel.
- helsetenester i heimen, til dømes heimesjukepleie, ergoterapi og fysioterapi
- opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad som er tilrettelagt for heildøgns tenester, til dømes omsorgsbustad (tilrettelagt for heildøgns tenester), sjukeheim, barnebustad, avlastingsbustad og butilbod for rusavhengige.
- personleg assistanse (praktisk hjelp og opplæring og støttekontakt) - hjelp til eigenomsorg, personleg stell og personretta praktisk hjelp, brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

- dagtilbod til heimebuande med demens
- psykologteneste og tilbod til personar med psykiske lidingar
- helsefremjande og førebyggjande tenester knytt til rus
- koordinering og individuell plan til personar med behov for fleire tenester
- pårørandestøtte
- samhandling med spesialisthelsetenesta – ta imot utskrivingsklare pasientar
- velferdsteknologi
- sakshandsaming – tildeling av tenester

I 2024 oppretta kommunen eit tenestekontor som sakshandsamar søknader om helse- og omsorgstenester.

I årsmeldinga står det at kommunen i 2023 har jobba med å auke kvaliteten i helse og omsorg. Mellom anna har dei laga ny organisasjonsstruktur som skal bidra til å sikre god rolleforståing og kvalitet i tenestene. Dei følgjer også opp strategisk handlingsplan for eldreomsorg «Leve hele livet». I tillegg har kommunen etablert eit dagtilbod for demente på Solheimstun aktivitetssenter.

Eining for Omsorg har to einingar – heimetenester og omsorgssenter. I eining for heimetenester har ein 3 avdelingar, heimesjukepleie, praktisk bistand og avdeling for funksjonshemma med Hågåan bufellesskap. Omsorgssenteret består av dei ulike sjukeheimsavdelingane og kjøkkenet.

Hjartdal omsorgssenter har plass til 26 pasientar og ein akutt plass. Omsorgssenteret har 6 korttidsplassar. Eitt av romma på korttidsavdelinga er definert som avlastningstilbod på institusjon.

Omsorgssenteret hadde tilsyn frå Arbeidstilsynet hausten 2023. Det vart avdekt 3 avvik. Desse vart lukka ved utgangen av 2023. Det har ikkje vore tilsyn frå statsforvaltar, men det var forvaltningsrevisjon av tildeling av helse- og omsorgstenester i 2021.

Kommunens heimeteneste har fokus på oppgåvefordeling og jobbar for meir samkøyrde tenester. Mellom anna testar dei ut bruk av langvakter.

Hjartdal kommune har utfordringar med rekruttering innanfor omsorg, men har i følge årsmeldinga greidd seg utan bruk av vikarbyrå i 2023.

Kommunen har frå 2023 blitt med i Responssenteret i Kongsbergregionen. I årsmeldinga står det at dei her drar nytte av høg bruk av velferdsteknologi som tryggleiksalarmar, også mobile, bruk av GPS-sporing og medisindispenserar. Hausten 2023 besøkte responscenteret Hjartdal og utgreidde ytterlegare moglege velferdsløysningar.

På helseområdet har kommunen inngått eit vertskommunesamarbeid med Notodden kommune om jordmor, fysioterapi, legevakt og helsesjukepleiar for helsestasjon og skule. Kommunen har eit samarbeid med Tinn kommune om psykologteneste.

I årsmeldinga står det at legekantoret har hatt stor auke av pasientar, og ved utgangen av 2023 var det 2270 pasientar på listene. Dette bidreg til lengre ventetid på legekonsultasjonar, men augneblkkeleg hjelp får dei som treng det på dagen.

Vurdering

Sitjande kontrollutval har spela inn rus og psykiatri med fokus på førebygging og ungdom som aktuelt tema.

Det kan vere risiko knytt til helse- og omsorgstenestene. Tematikk og vinkling bør eventuelt vurderast nærare ved bestilling. Aktuelle tema kan til dømes vere:

- Ressursbruk
- Tenestenivå
- Førebyggjande arbeid
- Kvalitet/internkontroll
- Velferdsteknologi
- Samarbeidsordningar

8. Kommunalområdet samfunnsutvikling

8.1. Berekraft, klima og miljø

Kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling, og det er ei nasjonal forventning om at FNs berekraftsmål skal ligge til grunn for samfunns- og arealplanlegging i kommunane. I dei statlege planretningslinene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing står det at kommunane i si overordna planlegging skal ha tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar. Kommunane bør sette ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar.

Gjennom naturavtalen⁵ som vart inngått i desember 2022, har Norge mellom anna forplikta seg til å stoppe og reversere tap av natur innan 2030. Kommunesektoren vil få ei sentral rolle i gjennomføringa av denne avtalen.

⁵ Kunming-Montreal Global biodiversity framework



Noreg oppfyller mange av berekraftsmåla, men har utfordringar med å oppfylle mål om *ansvarleg forbruk og produksjon* (mål 12), mål om å *stoppe klimaendringane* (mål 13), og mål om å *ivareta livet på land* (mål 14).

Kommunen har fleire roller/oppgåver som er viktige for å nå berekraftsmåla. Kommunen er

- planmynde
- innkjøpar av varer og tenester
- eigar og driftar av bygg og infrastruktur

Det er venteleg at krava til berekraftsarbeid i kommunane vil auke i planperioden, og nokre av måla er aktuelle også innanfor oppvekst, helse og meistring og NAV.

Hjartdal kommune har ikkje utarbeidd ein klimaplan, og det er heller ikkje laga klimabudsjett/klimarekneskap. I årsmeldinga står det at det er eit satsingsområde i kommunen å styrke miljø- og klimafokuset, både i forhold til hytte- og bustadbygging, fortetting og kollektivtrafikk. Det blir også trekt fram at kommunen skal vektleggja klima og miljø ved kjøp av varer og tenester. I 2023 har Hjartdal meldt seg inn i klima- og energinettverket Vestfold og Telemark. Kommunen jobbar med å utarbeide ein plan for naturmangfald.

Vurdering

Det er risiko for at kommunen ikkje vil setje i verk tiltak som kan møte dei nasjonale forventningane til bærekraftsarbeid og klimatiltak. Sidan kommunen ikkje har laga planar og mål, er tema lite eigna for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet bør eventuelt følgje opp dette arbeidet på annan måte.

8.2. Planlegging

Kommunestyret skal sjølv leie den kommunale planlegginga, og vedta kommunal planstrategi, kommuneplanar og reguleringsplanar.

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal vareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver kommunen. Vurdering av planbehovet og arbeidet med kommunal planstrategi skal prioriterast. Reguleringsplanar angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgivnader, og er bindande for nye eller utviding av eksisterande byggjetiltak.

Planprosessane skal vere opne og føreseielege. Dei fleste kommunar har oppretta digitale planregister, og moglegheitene for å effektivisere og forenkle planlegginga bør takast i bruk.

FNs berekraftsmål, nasjonale klima- og miljømål og løysingar som styrkjer verdiskaping og busetjing i heile landet, er blant dei omsyna som skal leggjast til grunn for den overordna planlegginga, jf. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027. Dei nasjonale føringane inneheld elles ei rekkje tiltak og omsyn som skal varetakast, blir lagde til rette for eller styrkjast gjennom planlegginga.

Gjennom planlegging og anna utøving av mynde og tenesteyting skal kommunane stimulere til og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, og dessutan auka miljøvennleg energiomlegging. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet førebur seg på og tilpassar seg til klimaendringane. Planane bør omfatte tiltak mot avskoging, og ev. tiltak for auka opptak av CO₂ i skog og andre landområde. Planane til kommunen bør vidare omfatte informasjon om klimagassutslepp, og om energisystem og forbruk av energi. Kommunen bør setje ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar og for effektivt energiforbruk.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er frå 2017 og har ein planhorisont fram mot 2027. Arealdelen er frå 2013 og ny plan er på høyring våren 2024. Sist vedtekne planstrategi er frå 2020.

Vurdering

Eit godt arealplanverk er viktig for å sikre effektiv og korrekt byggesakshandsaming. Kommunen har forholdsvis nye overordna planer. Vi kjenner ikkje til at det er særskilt risiko på dette området i Hjartdal.

8.3. Byggesak

Kommunen behandlar søknader om byggjeløyve, og skal handheve plan- og bygningslova og eige planverk på ein føreseieleg, lik og effektiv måte. Eit formålstenleg og oppdatert planverk, gode rutinar og kompetanse bidreg til å sikre effektivitet og likebehandling.

Kommunen kan finansiere desse oppgåvene gjennom gebyr for saksbehandlinga i samsvar med reglane om sjølvkost.

Tal frå KOSTRA viser at kommunen handsama 48 byggesøknader med 12 vekers frist og 40 søknader med tre vekers frist. Samla er dette ein nedgang frå 2022. I årsmeldinga går det fram at

kommunen i mange saker overskride sakshandsamingstida og at dei ikkje når dei måla dei har sett. I perioden 2020-2023 har det vore to klagesaker til Statsforvaltar. I begge sakene vart kommunen sitt vedtak stadfesta.

I 2022 var det gitt dispensasjon i 6,7% av innvilga byggesøknader. Det er lågare enn for kommunane i KOSTRA-gruppa og landet utanom Oslo.

Kommunen skal føre tilsyn med etterleving av plan- og bygningslova. Tilsynet skal ha eit slikt omfang at det kan avdekke ulovlege forhold. Kommunen deltar i vertskommunesamarbeid om tilsyn i regi av Kongsbergregionen. Kongsberg er vertskommune. Tilsynet har vore i drift frå sommaren 2022. I 2022 var det 3 tilsyn, og i 2023 var det 8 tilsyn.

Vurdering

Det kan generelt vere risiko knytt til handsaming av byggesaker, både når det gjeld sakshandsaming, fristoverskriding, tap av gebyr og korrupsjonsrisiko. Kommunen har område for utbygging av fritidsbustader, noko som kan legge press på sakshandsaminga og auke risikoen for krevjande prosessar.

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon om byggjesak i Hjartdal tidlegare. Bortsett frå fristoverskridingane, har vi ikkje informasjon som tyder på særskilt risiko på dette området i Hjartdal.

8.4. Næringsarbeid

Gode rammevilkår for eit mangfaldig, berekraftig og konkurransedyktig næringsliv er sentralt i dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging. Her har kommunen oppgåver både gjennom planlegging, tilrettelegging for næringsareal og eventuelle økonomiske støtteordningar.

Arbeid med næringsutvikling er lagt til kommunalområdet samfunnsutvikling, og handlar om alt frå tilskotsordningar til rådgjeving og kontakt mot resten av verkemiddelapparatet. Gjennom samarbeidet i Kongsbergregionen har kommunen eit etablerarkontor på Notodden, med besøksdagar ute i kommunane.

Hjartdal kommune har ikkje næringsplan, men deltar i Kongsbergregionens næringsnettverk. Ifølgje årsmeldinga har kommunen mål om å vere ein attraktiv bustadkommune, særleg med tanke på partnerarbeidsplassar, tilrettelegging for heimekontor og tilgang til næringshage.

Kommunen opplever at næringslivet i kommunen er relativt robust. Det blir trekt fram at kommunen har ein god arbeidsmarknadsintegrasjon, og at det er potensiale for å styrke eksisterande bedrifter, samt å etablere nye bedrifter basert på lokale ressursar. I 2023 har kommunen gjennomført bedriftsbesøk i heile kommunen.

Hjartdal kommune har eit næringsfond. Ifølgje kommunedirektør går det meste av fondet til å lønne næringsssjef. Resten av midlane blir nytta til ulike næringsføremål. Storleiken på fondet varierer ut

frå statlege overføringer og kommunale budsjett. Det er utarbeidd vedtekter for bruk av fondet. Det kan gis stønad både til nyetablering og til utvikling av eksisterande verksemder. Tildelingar frå næringsfondet blir vedtatt politisk av Fondsstyret/Formannskapet.

Vurdering

Det er generelt risiko for manglande måloppnåing i næringsarbeidet og forvaltning av tilskott, men kommunen har i liten grad sett konkrete mål. Sitjande kontrollutval har spilt inn ønskje om ein forvaltningsrevisjon på temaet. Vi vurderer at det kan vere føremålstenleg for kontrollutvalet å følgje med på dette arbeidet på annan måte.

8.5. Egedomsforvaltning

Kommunale egedommar har stor verdi. God egedomsforvaltning i kommunen handlar om å gi tilsette og tenestemottakarar gode og effektive bygningar til lågast mogleg kostnad. Kommunen bør ha overordna politisk forankra mål for egedomsforvaltninga, eit rasjonelt system for planlegging og styring, og tiltak som sikrar gode avgjerdsgrunnlag.

Det er som regel risiko knytt til kommunale investeringsprosjekt, og konsekvensane kan bli store. Det kan mellom anna vera risiko ved planlegging og saksutgreiing, val av løysing, kostnadsramma, anskaffingsprosess, prosjektstyring, kontraktsoppfølging og overtaking. Kommunen bør ha klare styresmakts- og ansvarsforhold og tiltak for å sikra gode prosessar både i planlegginga og gjennomføringa av investeringsprosjekt.

I årsmeldinga er det vist til tre investeringsprosjekt. Hjartdal barnehage, reinseanlegg Sauland og fjellet og bygging av kommunale bustader. I KOSTRA finn vi nøkkeltal for egedomsforvaltninga i Hjartdal, KOSTRA-gruppa og i landet utanom Oslo.

Tabell 3 Utvalde nøkkeltal for egedomsforvaltninga. Tal frå 2023

	Hjartdal	Landet u/Oslo	KOSTRA-gruppe 5
Netto driftsutgifter til eigendomsforvaltning i prosent av samla driftsutgifter (prosent)	9,1	9,4	9,8
Netto driftsutgifter til forvaltning av egedom pr innbygger (kr)	167	431	414
Areal på føremålsbygg pr innbygger (kvm)	6,28	5,03	7,25
Utgifter til vedlikehald pr kvadratmeter (kr)	71	113	119
Utgifter til driftsaktiviteter pr kvadratmeter (kr)	905	750	740
Utgifter til reinhald pr kvadratmeter (kr)	254	187	178
Utgifter til energikostnader pr kvadratmeter (kr)	225	170	167

Av tabellen går det fram at kommunen har høgare utgifter til drift, reinhald og energi per kvadratmeter enn kommunane vi samanliknar med.

Vurdering

Vi er ikkje kjend med forhold som tilseier at det er risiko på dette området.

8.6. Vatn og avløp

Kommunen skal sørge for tilstrekkeleg og sikker forsyning av vatn i samsvar med drikkevassforskrifta, og ei miljømessig riktig handtering av avløp i samsvar med forureiningslova. Det er krav om internkontroll, og alle kommunar skal ha beredskapsplanar for forsyning av drikkevatt.

Generelt kan ein rekne med at alderen til VA-nettet, på-slepp og klimatiske endringar også kan skape behov for større investeringar. Manglande investeringar og vedlikehald kan føre til utrygg drikkevassforsyning og fare for forureining frå avløpet.

Investering og drift innanfor vassforsyning og avløp kan gebyrfinansierast i samsvar med reglane for sjølvkost. I årsbudsjettet skriv kommunen at gebyra for vatn og avløp høge, men dekker likevel ikkje alle kostnadane. I 2023 var årsgebyr for vassforsyning på kr 6 526 mot kr 4 809 for landet under Oslo. Kommunen nyttar Momentum i berekninga av sjølvkost. Eit slikt verktøy kan bidra til kvalitetssikring og vi vurderer at dette minkar risiko for feil i sjølvkostberekninga.

Alle innbyggjarar i kommunen er knytt til kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat (e.coli). Det er ikkje gjort noko fornying i kommunalt leidningsnett dei tre siste åra.

I KOSTRA ligg det ikkje tal på fornying av spillvassnettet i Hjartdal kommune.

Vurdering

Det har vore fleire forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar knytt til VA og Russmarken og vi legg til grunn at det ikkje er aktuelt å prioritere dette området for forvaltningsrevisjon no.

8.7. Veg

Kommunen har mynde og ansvar for forvaltning og vedlikehald av kommunale vegar, gang- og sykkelstiar. Dette vil seie at kommunen skal halde vegane opne for offentleg ferdsel. Kommunen skal planleggje og gjennomføre vedlikehald og drifte dei kommunale vegane.

Hjartdal har om lag 22 km med kommunale vegar, 8 km med belysning og 4 km tilrettelagd for syklande.

Vurdering

Vi er ikkje kjend med forhold som tilseier at det er risiko på dette området.

9. Eigarskapskontroll

9.1. Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ein kontroll av om kommunen utøver sitt eigarskap i selskap i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for god eigarstyring. Eigarskapskontroll gjeld for eigarstyringa av interkommunalt selskap (IKS), aksjeselskap (AS), samvirke (SA), og for interkommunalt politisk råd (IPR) og kommunalt oppgåvefelleskap (KO) når desse er sjølvstendige rettssubjekt.⁶

Eigarskapskontroll skal utførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Nokre eigarskapskontrollar blir gjort i kombinasjon med forvaltningsrevisjon i selskapet.

Eigarskap og eigarstyring i Hjartdal

Ifølgje kommunelova skal alle kommunar vedta eigarskapsmelding kvar valperiode.

Eigarskapsmeldinga skal innehalde kommunen sine eigarstyringsprinsipp, oversikt over kva selskap og andre verksemder kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, og ein omtale av kva som er kommunen sitt formål med eigarinteressene.

Hjartdal kommune eig fleire selskap, både åleine, saman med andre kommunar og saman med private aktørar.

Hjartdal kommune si eigarskapsmelding blei sist handsama av kommunestyret i 2016. Eigarskapsmeldinga har oversikt over selskap kommunen eig og prinsipp for kommunen sitt eigarskap. Det er lagt føringar for eigarstyring og selskapsleiing i tråd med tilrådingar frå KS. Kommunen har lagt opp til at det skal lagast eigarstrategiar for dei viktigaste selskapa. Kommunen har laga eigarstrategi for Russmarken AS.

Oversikt over kommunen sine eigarinteresser i selskap og andre samarbeidsordningar, går fram av vedlegg 1 og 2.

Vurdering

Det er forskjellige utfordringar knytt til eigarstyringa av ulike organisasjonsformer og eigarkonstellasjonar. Det er risiko for at politisk nivå ikkje får god nok informasjon om selskapa, og at eigarsaker ikkje blir godt nok førebudde og avklarte politisk før møte i eigarorgana. Det kan også vere risiko for at eigar sine forventningar til selskapa ikkje blir formidla og etterspurt av eigar.

⁶ Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap kan organiserast både som sjølvstendig rettssubjekt og som ein del av kommunen. Desse inngår i eigarskapskontroll når dei er sjølvstendige rettssubjekt. her.

Når kommunen eig selskap saman med stat og/eller private, har ikkje kontrollutvalet rett til innsyn i verksemda. Manglande innsyn og informasjon kan skape ein ekstra risiko, og kan gi utfordringar i eigarstyringa.

Val av styre er den viktigaste oppgåva eigar har. Kva som er ei føremålstenleg organisering av styrevalprosessane kan variere for heileigde og deleigde selskap, og også ut frå storleiken, organisasjonsforma og verksemda til selskapa. Forslag til styresamansetjing frå selskapa sine valkomitear er generelt ofte er lite greidd ut og lite dokumentert.

Vurdering

Vi meiner det er risiko knytt til kommunen si eigarstyring. Eigarskapsmeldinga er frå 2016 og kan vere utdatert på fleire område. Det kan også vere risiko knytt til verksemda i selskapa.

Kommunelova krev at kommunestyret skal vedta eigarskapsmeldinga minst ein gong i valperioden.

Vi legg til grunn at Hjordal skal handsame eigarskapsmeldinga i inneverande valperiode. Vi vil difor tilrå ein generell eigarskapskontroll enten før kommunen har handsama eigarskapsmeldinga, eller seint i perioden, etter at ny eigarskapsmelding har verka ei tid.

9.2. Forvaltningsrevisjon i selskap

Planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal også omhandle eventuell forvaltningsrevisjon i selskap.

Prioritering av forvaltningsrevisjon i selskap (kva kontrollutvalet vurderer som vesentleg) er som regel avhengig av kommunen sin eigardel, organisasjonsform, verksemda i selskapet, betydning for kommunen, storleiken på selskapet og den økonomiske situasjonen. Ein eigarskapskontroll kan også avdekke behov for forvaltningsrevisjon av selskap.

I tabellane på dei neste sidene har vi sortert selskapa etter organisering:

- selskap der kontrollutvalet har innsynsrett
- selskap der det også er private eigarar, slik at kontrollutvalet ikkje har innsynsrett

Vurdering

Ut frå eit kost/nytte-perspektiv har vi innhenta avgrensa informasjon om selskapa. Vi har derfor vurdert generell risiko. Det vil seie at vi angir kva som *kan* vere risiko, ikkje at det faktisk *er* risiko.

Det kan generelt vere risiko for at selskapa ikkje oppfyller lovkrav eller målsetjingar knytt til kjerneverksemda, t.d. krav til tenestene. Forvaltningsrevisjon av kjerneverksemda er mest aktuelt for selskap som utfører lovpålagde kommunale oppgåver eller sentrale innbyggjarretta tenester.

Det kan og vere risiko knytt til selskapet si etterleving av selskapsregelverk og relevante retningslinjer frå eigar. Slike retningslinjer kan t.d. handle om berekraft og anna samfunnsansvar, korrupsjonsførebygging, etikk og varsling. Vidare kan økonomistyring og rapportering, personvern, HMS, anskaffingar vere risikoområde. For konsern er organisering og eigarstyring av dotterselskap også eit aktuelt tema.

Forvaltningsrevisjon i selskap med fleire eigarar bør gjennomførast for eigarane i fellesskap.

Kontrollutvalet/revisor har ikkje innsynsrett i selskap med private og statlege medeigarar. Vi legg til grunn at det er mindre aktuelt med forvaltningsrevisjon i slike selskap. Manglande innsynsrett er ein risiko i seg sjølv, og desse selskapa er sjølv sagt aktuelle å ta med i ein eigarskapskontroll.

Vedlegg 1: Oversikt over selskap⁷

Selskap der kontrollutvalet har innsynsrett

Selskap	Selskapet sitt formål (forkorta/omskrive)	Eigardel	Deltakarar og (kontorkommune)	Vurdering av generell risiko
Russmarken VA AS	Drift, vedlikehold og utbygging av vann- og avløpsanlegg i Tuddal samt hva som naturleg hører med under dette. Selskapet skal ikke ha erverv til formål.	100	Hjartdal	Risiko knytt til drift og selskapsstyring, avkasting.
Irmat	Innsamling av avfall fra privathusholdninger og næringslivet og annet som naturleg faller sammen med dette.	7,2 %	Hjartdal, Midt-Telemark og Notodden kommune	Risiko knytt til konsernstyring og drift, og til informasjon om verksemda og risiko i dotterselskapa.
Biblioteksentralen SA	Tjenester og produkter til bibliotek	1 %		
Sør-Øst 110 AS	Ivareta lovpålagde plikter om naudmeldesentralar.	0,2%	Mange kommunar	Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Pulverisering av eigarstyring.
Konsesjonskraftstyret i Telemark KO	Konsesjonskraftomsetjing	5 %	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Hjartdal og Telemark fylkeskommune (Fylkeskommunen/Skien)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring, avkasting.
Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS (IKA)	Drift av arkiv	0,9	Mange kommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark (Kongsberg)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Pulverisering av eigarstyring.

⁷ Det kan være risiko for at oversikten er ufullstendig da kommunen ikkje har oppdatert eigarmelding Vestfold og Telemark revisjon IKS

Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat IKS (Vetaks)	Sekretariatstenester til kontrollutval	1,0	Telemark, Vestfold og Agder fk, dei fleste kommunane i regionen	Risiko ikkje vurdert – VTR er ikkje uavhengig til å vurdere dette selskapet
Vestfold og Telemark revisjon IKS	Revisjonstenester til eigarkommunane mm	1,6	Telemark fylkeskommune, Vestfold fylkeskommune og alle kommunane i Vestfold og Telemark. (Skien)	Risiko ikkje vurdert – VTR er ikkje uavhengig til å vurdere dette selskapet

Selskap der kontrollutvalet ikkje har innsynsrett⁸

Selskap	Selskapet sitt formål	Kommunen sin eigardel	Deltakarar
Sauland kraftverk AS	Prosjektering og utbygging av vannkraftverk, samt produksjon og salg av elektrisitet fra vannkraft basert på fallrettigheter i	14,35 %	Hjartdal, Skagerak kraft og andre mindre private aktører
Kulturlandskapsenteret i Telemark AS	Drive opplæring, planlegging, prosjektarbeid og anna kunnskapsformidling/tiltak for aktivt å medverke til at miljøverdiane og næringsressursane knytt til landbruket sitt kulturlandskap kan takas vare på og utnyttast i berekraftig bygdeutvikling.	13,6 %	Mange ulike aktørar
Vest-Telemark Næringsbygg AS	Samarbeid med andre aktørar, å styrke og vidareutvikle næringslivet i regionen.	3,93 %	7 kommunar og noko privat verksemd
Haukelivegen AS	Arbeide for vegutbygging	2,2 %	4 fylkeskommunar, 33 kommunar og 8 bedrifter
Biblioteksentralen	Tjenester og produkter til bibliotek	1 %	

⁸ Aksjeselskap med private eller statlege medeigarar, jf. avgrensing av innsynsretten i kommunelova § 23-6 første ledd bokstav d).

Vedlegg 2: Anna interkommunalt samarbeid – ikkje sjølvstendige rettssubjekt

Namn	Formål	Organisasjonsform	Deltakarar	Kontorkommune/ vertskommune
Kraftkompetanse	Regionalt kompetansesenter for kraftsaker og forvaltning av naturresursar	Kommunalt oppgåvefelleskap	Tinn, Hjartdal, Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke Vinje	Vinje
Barnevansvakt i Telemark		Vertskommunesamarbeid	Alle kommunar i Telemark	Skien
Kommunalt oppgåvefelleskap for klima og miljøberedskap i Telemark		Kommunalt oppgåvefelleskap	Alle kommunar i Telemark	Porsgrunn
Notodden, Hjartdal og Tinn barnevernstjeneste	Barnevernstjeneste	Administrativt vertskommunesamarbeid	Hjartdal, Notodden og Tinn	Notodden
Notodden og Hjartdal PPT	Pedagogisk psykologisk tjeneste	Administrativt vertskommunesamarbeid	Hjartdal og Notodden	Hjartdal
Krisesenteret i Telemark	Krisesenter for voldsutsatte	Administrativt vertskommunesamarbeid	Alle kommunar i Telemark bortsett frå Notodden	Skien

Kongsbergregionens kommunale oppgavefelleskap for tjenesteutvikling	Skal levere tjenester til deltakerne i hht. vedtatt handlingsplan. her ligger anskaffelser, personvernombud, tilsyn på byggesak, ikt-	Kommunalt oppgavefelleskap	Kongsberg, Hjartdal, Tinn, Flesberg, Nore og Uvdal, Rollag og Sigdal.	Kongsberg
NAV – sosialteneste	Sosialteneste	Vertskommunesamarbeid	Notodden og Hjartdal	Notodden
Kongsbergregionen IKT Drift	Interkommunalt IKT-samarbeid	Administrativt verskommunesamarbeid	Hjartdal, Notodden, Tinn, Kongsberg, Flesberg, Rollag, Nore og Uvdal, Sigdal og Krødsherad	Notodden
Notodden interkommunale legevakt	Felles legevakt for Notodden, hjartdal og Midt-Telemark.		Notodden, Hjartdal og Midt-Telemark	Notodden



På vakt for felleskapets verdier

Rapporten er utarbeidet av
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Har du spørsmål til rapporten?

Ta kontakt med oss:

Telefon: 33 07 13 00

E-post: post@vtrevisjon.no

www.vtrevisjon.no

24: 4028 400